

## Til F-, A- OG KIRKEDEPARTEMENTET

### Høyring – endringar i gravferdslov og kyrkjelov

#### HØYRINGSUTTALE FRÅ FJALER SOKNERÅD (eittsoknskommune) Dale i Sunnfjord

Soknerådet er glad for at departementet ved kyrkjeforliket i 2008, etter ei samla vurdering, kom til at dagens lovgiving for kyrkjegardsforvaltninga bør vidareførast – at kyrkjeleg fellelråd framleis skal forvalte gravplassane på vegne av lokalsamfunnet. Det har kome fram i undersøkingar at fellelrådet har forvalta kyrkjegardane og verksemda der på ein sær god måte for ålmenta.

#### Grunngjeving for endringa

Departementet sitt framlegg til endringar av gravferdslova er for ein-sidedig fokuserte på å imøtekome behov grunngjeve utifrå religiøse og andre livssynsmessige forhold. Endringane i lova er i for liten grad opptekne av behov og ønskjer som ikkje har særskilt religiøs eller livssynsmessig grunngjeving. Dette også blant såkalla passive medlemmer av Den norske kyrkja. Fredag 20. august 2010 vart det publisert ein religionsundersøking som slår fast at færre er skråsikre i trua si, og at det blir fleire og fleire utan religiøs tilknytning – ateistane er på frammarsj. (Jfr.Vårt Land 20.08.2010)

#### Eigartilhøve

Med departementet si grunngjeving for endringar av gravferdslova, hadde ein kanskje venta at også eigedomsretten til gravplassane vart diskutert. Nye gravplassar vert ikkje lenger plassert ved kyrkjer og kunne kanskje vore eigd av kommunen, sjølv om fellelrådet har forvaltingsansvaret. Kyrkjegardar (gravplassar ved kyrkjebygg) må framleis vere eigd av soknet, då kyrkja er eigd av soknet.

#### Kostnader

Departementet har undervurdert kostnadssida med endringsframlegga. Det bør også leggst føringar for kva ønskjer som ein har høve til å avslå. Til dømes gravlegging i helgane. Det vil særleg bli auka utgifter med gravlegging der heimkommunen ikkje har grav å tilby menneskjer knytt til religiøse- og livssynsmessige organisasjonar. Det vil også bli kostnadar med kompetanseheving blant tilsette.

#### Føreskriftene til gravferdslova

må få ein tilsvarande gjennomgong straks det er gjort vedtak om endring av gravferdslova.

#### Bårerom

Rådet er usamd med departementet og meiner at det bør lovregulerast at kommunen har ansvar for at det skal finnast tilfredstillande bårerom/kjølerom i alle kommunar – eventuelt i samarbeid mellom kommunar. Ei utviding av fristen for gravlegging styrkjer dette kravet.

#### Seremonirom

Mangel på seremonirom i mange kommunar kunne vore nemnt i utgreiinga, sjølv om det ikkje har noko med forvaltninga av gravplassane å gjere. Hos oss oppleve vi at mangel på seremonirom er det største problemet ved avvikinga av gravferder for personar som ikkje er medlemmer av Den norske kyrkja.

## 4. RELIGIØST BEGRUNNEDE ØNSKER VED GRAVLEGGING

### 4.1 Kunnskap, kjennskap og samhandling

#### Forslag til endring i gravferdsloven § 23. Forvaltningsansvar

Nytt tredje ledd skal lyde:

*Den som har forvaltningsansvaret for gravlegging i kommunen innbyr minst en gang i året de tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet, til et møte for å drøfte hvordan tros- og livssynssamfunnenes behov ved gravferd kan ivaretas.*

Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget med følgjande tilleggsmerknad:

Gravferdsforvaltinga i den ein skilde kommune må få opplyst frå kommunen eller Fylkesmannen kva trus- og livssamfunn som er aktive i kommunen, og kven som skal motta invitasjonen.

Det bør vurderast om ikkje også andre, som til dømes gravferdsbyrå, eldreråd og frivillige organisasjonar også bør vere representerte på møtet. Dette fordi det blir fleire og fleire som ikkje er knytt til trus- og livssynssamfunn.

Det kan vurderast om det ikkje også burde vere ei samling på prostinivå. Dette med bakgrunn i at det i mange små kommunar ikkje er trus- og livssynssamfunn som er aktive.

#### **4.2 Hovedbestemmelse om hensynet til avdødes religion eller livssyn**

Forslag til endring i gravferdsloven § 1. Hvor gravlegging skal skje

Overskriften skal lyde:

*Grunnleggende bestemmelser*

Nytt første ledd skal lyde:

*Gravlegging skal skje med respekt for avdødes religion eller livssyn.*

Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget med følgjande tilleggsmerknad:

Alle pårørande må bli møtt med respekt når dei kjem med ønske knytt til gravlegging på kyrkjegardane – gravlundane. Ikkje berre dei med religiøse eller livssynsmessige behov. Samstundes må det presiserast at ikkje alle ønsker vil kunne bli imøtekomne. Det vil framleis vere behov for statlege retningslinjer som gir føringar for kva ønske og behov som kan imøtekomast av gravferdsmyndighetene.

Rådet er glad for at det framleis er eit uttrykt ønske om at dei offentlege gravstadane skal forvaltast slik at dei fungerer som gravplass for alle uansett tru og livssyn.

#### **4.3 Særskilt tilrettelagte graver**

Forslag til endring i gravferdsloven § 6. Rett til grav

Andre ledd nytt tredje punktum skal lyde:

*Ved gravlegging i grav som er særskilt tilrettelagt for å imøtekomme religiøse og livssynsmessige (minoriteters) behov, dekkes kostnadene av kirkelig fellesråd i hjemkommunen når denne ikke selv har et slikt tilbud.*

Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget med følgjande tilleggsmerknad:

Ved anlegg av ny gravplass i kommunen må det vurderast om eit felt på gravplassen skal tilretteleggast for å imøtekomme behova til religiøse og livssynsmessige minoritetar. Dette gjeld i hovudsak graver tilrettelagt for muslimar. Sjølv om eit felt er orientert mot Mekka, kan også andre bli gravlagde på same feltet.

Nokon må dekkje utgiftene, og rådet er samd i prinsippet om at det er den kommunen der avdøde er registrert i Folkeregisteret som skal dekkje kostnadane med gravlegginga. Trass dette bør det vurderast om det bør gis statleg tilskot til transport dersom ein til dømes må ut av prostiet.

#### **4.4 Kirkegård –betegnelse og beliggenhet**

Forslag til endring i gravferdslovens tittel og diverse bestemmelser

Tittel på loven skal lyde:

*Lov om gravlunder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven)*

(Opplisting av stader der endringa skal skje)

§ 2. Krav til gravlund

Første ledd andre punktum oppheves.

Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget med følgjande tilleggsmerknad:

Det er viktig og rett at anlegg ved kyrkja framleis får heite kyrkjegard. Det bør dessutan vere høve til å nytte nemninga gravplass då det nokon stadar verkar språkleg framand å seie gravlund.

Gravplass er i dag nemning som er brukt i gravferdslova §1 både i 1. og 2. ledd.

Sjølv om punktet om plasseringa av gravplass i nærleiken av kyrkja vert fjerna, bør gravplassar anleggast så nær seremonirom som mogeleg. I mange kommunar er det framleis slik at nær 100% av alle gravferdene vert avvikla i kyrkja.

#### **4.5 Fra vigsling av kirkegård til seremoni på gravlund**

##### Forslag til endring i gravferdsloven § 5. Vigsling av gravlund

Overskriften skal lyde:

*Seremoni på gravlund*

§ 5 skal lyde:

*Tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet skal gis anledning til å gjennomføre en seremoni når en ny gravlund tas i bruk. En slik høytidelighet må ikke utformes eller gjennomføres slik at den forhåner eller på en krenkende eller sårende måte viser ringeakt for de andre tros- eller livssynssamfunnene som gravlegger sine medlemmer på den samme gravlund.*

Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget med følgjande tilleggsmerknad:

Slike seremoniar må ikkje avgrensas til bestemte delar av gravplassen. Dette fordi det er særskilt viktig å vidareføre tradisjonen med at menneske med ulike livssyn kan gravleggjast side om side på gravplassen.

Det kan tilretteleggast felt for muslimsk gravlegging der og andre kan gravleggast (retning mot Mekka). Etablering av felt for spesielle grupper må berre skje der det er heilt særskilte grunnar for det.

Det bør dessutan presiserast at seremoniane ikkje har juridiske eller forvaltningsmessige konsekvensar verken for gravplassen eller forvaltninga.

#### **4.6 Frister ved gravferd og kremasjon**

##### Forslag til endringer i gravferdsloven §§ 10, 12 og 13

###### § 10. Kremasjon

Nåværende tredje ledd blir andre ledd og skal lyde:

*Kremasjon skal skje i godkjent krematorium og senest 14 dagar etter dødsfallet.*

###### § 12. Frist for gravlegging

Første ledd skal lyde:

*Dersom avdøde ikke er blitt kremert, skal gravlegging skje senest 14 dagar etter dødsfallet.*

###### § 13. Unntak fra reglene om frist for kremasjon og gravlegging.

§ 13 skal lyde:

*Fristene i § 10 andre ledd og § 12 gjelder ikke når avdødes legeme skal nyttas i samsvar med bestemmelsene i lov 9. februar 1973 om transplantasjon, sykehusobduksjon og avgivelse av lik m.m., eller det er besluttet sakkyndig likundersøkelse i medhold av straffeprosessloven § 228.*

*Kirkelig fellesråd kan forlenge fristene i § 10 andre ledd og § 12 dersom det foreligger tungtveiende grunner for det.*

*Dersom vilkårene for oppbevaring av kiste tilsier det, skal kirkelig fellesråd forkorte fristene i § 10 andre ledd og § 12.*

*Fellesrådets avgjørelse etter denne paragraf kan ikke påklages.*

Fjaler sokneråd meiner at gravlegging skal skje innan 10 dagar i staden for innan 14 dagar:

Det er uheldig om ei utviding av fristen for gravlegging fører til at hovudpraksisen blir at ein ventar så lenge som ein har høve til før gravlegging finner stad. Det bør framleis vere slik at gravlegging normalt skjer innan åtte dagar etter dødsfallet. Dei menneskeleg behova til sørgjande er ikkje nemnde i høyringsdokumentet, og såleis ikkje vektlagde ved vurderinga. Å kunne måtte vente i opptil 14.dagar på gravferda vil opplevast som vondt for mange pårørande i deira sorgprosess. For andre pårørande kan det med 14 dagarfristen føre til auka press på oss for få gravferda så nær inntil helg som mogeleg – går det ikkje ein fredag så vil dei ha neste fredag. Med ei utviding til 14 dagar vil det difor bli meir diskusjon om dag for gravferda blant aktørane som er: pårørande, gravferdsbyrået og kyrkjevevja (fellesrådet/ soknerådet).

## 4.8 Gravferdslovgivningens almenne karakter

4.8.1 Lovregulering av kirkelig medvirkning ved askespredning.

Rådet er samdt i at § 20 andre ledd siste punktum og § 9 sjette ledd vert oppheva. Dette bør regulerast i det kyrkjelege lovverket.

### Forslag til endring i gravferdsloven §4. Anlegg m.v. av gravlund og krematorium

Første ledd skal lyde:

*Anlegg, utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravlund og bygninger på gravlund kan ikke skje uten etter tilslutning fra kommunen og med tillatelse fra bispedømmerådet. Bispedømmerådet kan sette vilkår for tillatelsen.*

Tredje ledd oppheves.

### Fjaler sokneråd har følgjande merknadar til endringsframlegget:

Rådet støttar at kommunen si mynde blir presisert i lovteksten.

Med departementet si grunngjeving for endringsframlegga til gravferdslova, er det overraskande at Bispedømmerådet beheld si godkjenningssmynde. Denne mynda kunne etter vårt syn vore lagt til eit fagutval knytt til departementet sin Kyrkjegardskonsulent (som bør få anna nemning enn kyrkjegardskonsulent). Bispedømmerådet har for få saker knytt til gravplassforvaltinga, og har ikkje god nok kompetanse på desse sakene. Bispedømmerådet sender alltid alle saker vedkomande gravplassforvaltinga til kyrkjegards-konsulenten, og føl alltid konsulenten si tilråding. Sjølv om kyrkjeleg fellesråd framleis skal forvalte gravplassane på vegne av lokalsamfunnet, treng det ikkje vere slik at det reint kyrkjelege organet som bispedømmerådet er, beheld si godkjenningssmynde.

## 5. ANDRE SPØRSMÅL VEDRØRENDE GRAVFERDSLOVEN

### 5.1 Rett til grav for dødfødt barn m.m.

#### Forslag til endring i gravferdsloven §§ 6 og 9

##### § 6. Rett til grav

Første ledd skal lyde:

*Avdøde personer som ved dødsfallet hadde bopel i kommunen har rett til fri grav på gravlund her. Det samme gjelder dødfødte barn når moren eller faren har bopel i kommunen.*

##### § 9. Hvem som sørger for gravferden

Andre ledd siste punktum skal lyde:

*Ektefelles rett etter denne bestemmelsen gjelder tilsvarende for person som levde i ekteskapsliknende samboerskap med avdøde da dødsfallet fant sted.*

### Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget med følgjande tilleggsmerknad:

§ 6. Fornuftig at far får same rett som mor.

§ 9. Fornuftig i og med at felles ekteskapslov vart vedteken med verknad frå 2009.

### 5.2 Kremasjon som gravferdsform

#### Forslag til endring i gravferdsloven § 10. Kremasjon

Første og andre ledd slås sammen til nytt første ledd og skal lyde: 24

*Kremasjon kan skje med mindre det er kjent at det var i strid med avdødes ønske.*

### Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget med følgjande tilleggsmerknad:

Om ein vel kistegravlegging eller kremasjon må det likestillast økonomisk.

### 5.3 Endring av meldingsrutiner.

*"Departementet har etter dette kommet til at kravet i § 10 fjerde ledd og i § 11 om at det skal fremlegges legeerklæring ved dødsfall, og kravet i § 11 om at det skal framlegges kopi av kremasjonsregisteret, kan oppheves."*

Rådet støtter dette, og er samtd i at det er tilstrekkeleg at det føreligg ei underskriven oppmoding om gravferd som inneheld dei opplysningane vi som gravferdsforvaltar treng. Jamfør skjemaet som departementet har utarbeidd.

## 5.4 Krigsgraver

Forslag til endring i gravferdsloven § 23a. Krigsgraver m.v.

Ny § 23a skal lyde:

*Graver for utenlandske soldater og krigsfanger (krigsgraver) fra første og andre verdenskrig skal være fredet uten tidsbegrensning, holdes i hevd og forvaltes med den verdighet som deres egenart tilsier.*

*Departementet kan gi nærmere regler om forvaltning og vedlikehold av krigsgraver, krigsgravlunder og krigsminnesmerker.*

Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget med følgjande tilleggsmærknad:

Sjølv om det i lovteksten ikkje står noko om kven som skal ha framtidig forvaltingsansvar, burde det kanskje stå at staten alltid skal ha det økonomiske ansvaret for *krigsgraver, krigsgravlunder og krigsminnesmerker*.

Det vil vidare vere naturleg med lokal forvaltning av desse gravene, og ikkje at bispedømeråda skal vere mellomledd – noko som både vil vere tungvindt og fordyrande.

## 6. ENDRINGER I KIRKELOVEN

*“Noen forslag til endringer i kirkeloven følger av de foreslåtte endringene i gravferdsloven. Disse er omtalt i punkt 6.9. I tillegg til dette er det behov for å foreta enkelte andre justeringer av kirkeloven, som er begrunnet i andre forhold enn ønsket om tilpasning til tros- og livssynsminoritetenes behov ved gravferd. 27*

*Det dreier seg om justeringer i kirkeloven vedrørende tilspasning til ny organisering av prestetjenesten (6.1), harmonisering med barneloven (6.2), justeringer i kirkeloven som følger av de foreslåtte endringene i gravferdsloven (6.3), regler for tilsetning i Kirkerådets sekretariat (6.4), politiattest (6.5), krav om medlemskap i Den norske kirke for lærere ved teologisk fakultet (6.6), regler om kirkebokføring (6.7), klageadgang etter offentlighetsloven (6.8) og ugildhet (6.9).”*

### 6.1 Tilpasninger til ny organisering av prestetjenesten

Forslag til endringer i kirkeloven vedrørende prestegjeld

§ 2. Kirkelig inndeling

Første ledd tredje punktum skal lyde:

*Hvert sokn hører til ett prosti.*

Fjerde punktum oppheves. *(Hvert prestegjeld hører til et prosti)*

Andre ledd første punktum skal lyde:

*Endringer i den kirkelige inndeling og navn på kirke, sokn, prosti og bispedømme fastsettes av Kongen.*

§ 5. Soknets organer

Tredje ledd skal lyde:

*I prosti hvor ikke alle sokn hører til samme kommune, og i kommuner med særlig mange sokn, kan departementet foreta tilpasninger av bestemmelsene om kirkelig fellelsråd.*

§ 6. Menighetsrådets sammensetning

Femte ledd skal lyde:

*Biskopen bestemmer hvilken prest som skal være medlem av menighetsrådet. Biskopen fordeler prestene innenfor tjenestedistriktet slik at hvert menighetsråd får en prest til medlem. Biskopen bestemmer også hvordan prestene skal være varamedlemmer for hverandre.*

§ 9. Menighetsrådets oppgaver

Femte ledd oppheves.

Nåværende sjettede til niende ledd blir femte til åttende ledd.

[Fjaler sokneråd støttar endringsframlegga utan tilleggsmerknad:](#)

### **6.3 Justeringer som følger av endringer i gravferdsloven**

*Som følge av at man fjerner menighetsmøtets uttalerett i gravferdsloven § 4, må det gjøres tilsvarende endring i kirkeloven § 11 andre ledd, jf. punkt 4.8.2. Endringen innebærer at de saksområder der det er nødvendig å innhente menighetsmøtets uttalelse, begrenses til å omfatte store saker vedrørende kirkebygget og soknets grenser. Endringen begrenser ikke menighetsmøtets uttalerett, idet møtet fortsatt etter paragrafens siste ledd kan uttale seg om enhver sak det selv ønsker å ta opp.*

#### § 11. Menighetsmøtets oppgaver

Andre ledd skal lyde:

*Før vedkommende myndighet treffer avgjørelse skal menighetsmøtet gis anledning til å uttale seg om oppføring eller nedlegging av kirke, og om deling, sammenslåing eller andre endringer i grensene for sokn.*

[Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget utan tilleggsmerknad:](#)

*Dette med bakgrunn i at "Endringen begrenser ikke menighetsmøtets uttalerett, idet møtet fortsatt etter paragrafens siste ledd kan uttale seg om enhver sak det selv ønsker å ta opp."*

### **6.2 Harmonisering med barneloven**

Forslag til endring i kirkeloven § 3. Tilhørighet og medlemskap

Nr. 4 andre ledd siste punktum oppheves.

[Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget med følgjande tilleggsmerknad:](#)

I kyrkjelova bør det kanskje visast til Barnelova § 31.

### **6.4 Tilsetting i Kirkerådets sekretariat**

Forslag til endring i kirkeloven § 25. Kirkerådet.

Tredje ledd nytt tredje punktum skal lyde:

*Tilsettingsmyndighet kan delegeres til et tilsettingsråd.*

[Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget utan tilleggsmerknad:](#)

### **6.5 Politiattest**

Forslag til endring i kirkeloven § 29 Krav om medlemskap m.v.

Overskrift skal lyde: *Krav om medlemskap m.v.*

Nytt andre ledd skal lyde:

*Det kan utstedes barneomsorgsattest, jf. politiregisterloven § 39 til bruk for lovbestemte organer i Den norske kirke for person som lønnet eller ulønnet skal ansettes, utføre oppgaver eller inneha tillitsverv der vedkommende vil ha ansvar for eller være i kontakt med mindreårige.*

[Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget med følgjande tilleggsmerknad:](#)

*Politireisterlova 37 nemner også alder, sjukdom og funksjonshemming som føremål der politiattest er berettiga. Også innan kyrkja burde desse vore tekne med i tillegg til born.*

### **6.6 Krav om medlemskap i Den norske kirke for lærere ved teologisk fakultet**

Forslag til endring i kirkeloven § 29 Krav om medlemskap m.v.

Første ledd skal lyde:

*Kirkelig tilsatte og ombud skal være medlem av Den norske kirke. Departementet kan dispensere fra kravet når særlige grunner tilsier det.*

[Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget utan tilleggsmerknad:](#)



## **6.7 Kirkebokføring**

Forslag til endring i kirkeloven § 37. Kirkebokføring

Nytt andre ledd skal lyde:

*Opplysninger som nevnt i første ledd kan etter nærmere bestemmelser av departementet inntas i medlemsregister for Den norske kirke, jf. § 3 nr. 10.*

Fjaler sokneråd støttar endringsframlegget med følgjande tilleggsmerknad:

Det er sterkt ønskjeleg at departementet prioriterer arbeidet med å innføre elektronisk registrering av kyrkjelege handlingar, og å avskaffe manuell kyrkjebokføring. Manuell kyrkjebokføring er unødig meirarbeid, men SKAL erstattast av datautskrift som MÅ bindast inn.

## **6.8 Klageadgang for vedtak etter offentlighetsloven**

Forslag til endring i kirkeloven § 38. Saksbehandlingsregler.

Andre ledd nytt andre og tredje punktum skal lyde:

*Vedtak etter offentlighetsloven som er truffet av menighetsrådet eller kirkelig fellesråd, kan påklages til bispedømmerrådet. Vedtak etter offentlighetsloven som er truffet av bispedømmerrådet, kan påklages til Kirkerådet.*

Fjaler sokneråd støttar intensjonen i endringsframlegget med følgjande tilleggsmerknad:

Då det vil vere få slike saker, bør Kyrkjerådet også vere klageorgan for soknerådet og kyrkjeleg fellesråd. Samle kompetansen på ein stad med felles klageorgan, må vere fornuftig og kostnadssparande.

## **6.9 Særskilte ugildhetsbestemmelser**

Forslag til endring i kirkeloven § 38. Saksbehandlingsregler.

Tredje ledd bokstav b) skal lyde:

*Personer med soknet som arbeidsgiver og som i egenskap av tilsatt har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som ugild når saken behandles i organ for soknet.*

Fjaler sokneråd støttar ikkje endringa av kyrkjelova § 38 Saksbehandlingsregler no.

Rådet ser ikkje kvifor ikkje dei same ugildskapsreglane som gjeld i kommunane og fylkeskommunane ikkje lenger skal gjelde for kyrkjelege tilsette. Høyringsnotatet gir ikkje god forklaring på kvifor dei tilrår endringa for sokneråd og fellesråd. Soknerådet ser ikkje at argumentet med at presten har ein annan arbeidsgjevar enn dei andre tilsette, skal vere grunn for at han/ho ikkje skulle vere ugild når vedkomande har sakshandsama saka. Mange stader er det enno slik at presten er sakshandsamar for ein del saker som vert handsama, då særleg i soknerådet.

Med helsing

Fjaler sokneråd  
Boks 18  
6961 Dale i Sunnfjord  
Tlf 57739771

Irene Fløde  
Kyrkjeverje